



REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd Onsdag 3. juni 2020 kl.18.00

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Dagfinn Jone Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Sigrun Garvik Moen (sekretær) og Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde og kommunerepresentant Bjørn Nordskog.

Varamedlemmar: Vigdis Helene Bruhaug (Aud Turid Fjågesund har permisjon)

Andre: Kyrkjeverje Kristen Salmelid

Ord for dagen ved sokneprest Møyfrid Lunde.

Servering ved Vidar Syrtveit Mikalsen

Mail kopi innkalling og referat til revisor Hilde Vatnar og prost Asgeir Sele.

Referat blir i tillegg sendt til rådmann Øystein Tveit og kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland.

Ordførar får som kommunerepresentant

Oversikt over saker:

Sak 26/20, FR	Innkalling og saksliste
Sak 27/20, FR	Post og meldingar
Sak 28/20, FR	Revisjonsberetning for 2019 (via AU)
Sak 29/20, FR	Udekt beløp i investeringsrekneskapsrapport for 2019
Sak 30/20, FR	Rekneskapsrapport 1. tertial 2020 (via AU)
Sak 31/20, FR	Gravplass for muslimar i Kviteseid (via AU)
Sak 32/20, FR	Mandat for kulturutvalet (via AU)
Sak 33/20, FR	Revisjon av utleigereglement (via AU)
Sak 34/20, SR	Ønsket og Elsket, og konfirmantarbeidet
Sak 35/20, SR	Endring av gudstenesteplanen
Sak 36/20, FR	Ny trusopplærar og sekretær (via tilsetjingsutvalet)
Sak 37/20, SR	Kyrkjelydsbasar
Sak 38/20, SR	Retningsliner for fellesmøtekomiteen
Sak 39/20, SR	Eventuelt

Sak 26/20, (FR)	Innkalling og saksliste	MS
<p>Innkallinga til dette møtet er sendt ut på e-post onsdag 27.mai 2020 til alle medlemmer og varamedlemmer av det nye soknerådet.</p> <p>Merknader til innkallinga eller sakslista?</p> <p>Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 27.05.2020 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		

1. Sak om Investeringsbudsjett for 2021 er utsett til august-møtet, då vi ventar på eit forsinka, men vesentleg svar om stønad frå riksantikvaren.
2. Evaluering av misjonsprosjektet og sak om nytt prosjekt blir utsett til september-møtet.
3. Kyrkjeverja har saman med staben bestemt at Gamlekyrkja ikkje skal brukast til gudstenester denne sommaren fordi den med dei gjeldande avstandsreglane vil romme så få, og fordi reinhaldet blir meir krevjande.
4. Tårnet på Brunkeberg kyrkje har no fått nye flisar. Med litt vedlikehald kvart 5. år, meiner fagfolka at det kan stå i 100 år.
5. I Vrådal har det i vår blitt arbeidd litt med
 - a. parkeringsplassen på 'kyrkjesida' av vegen. Det er rydda opp i jordhaugar og sett opp nokre stabbesteinar langs vegen for å markere området betre.
 - b. oppretting av nokre gravsteinar for å få dei på line med dei andre grunna feilplassering (og graving) for mange år sidan. Kvar involvert festar er blitt kontakta på førehand.

Referat (vedlagt)

- Kulturutvalet 14.mai 2020 (saker derfrå vert handsama i fleire saker her på møtet)

Gudstenestearbeid

Facebook:

- opplesing av sundagens tekst frå ein stad i Kviteseid – laurdagar
- daglege andakter og sundagens gudsteneste – frå prostiet si facebook-side
- veke 18-20 lokal andakt lagt - onsdagar
- veke 18-20 dagens takkoffer gjort kjent – sundagar

Institusjonane:

Utandørs på KOS 12. og 17. mai. Den siste vart streama til youtube, men noko redusert då det vart brot i sendinga her. Unge røyster deltok.

I døropninga på Midtsundtoppen – 12. mai

Dåp av konfirmant – eiga dåpsgudsteneste 14. mai i Kviteseid.

* ny bransjestandard for gjenopning av kyrkjene for gudstenester vart gjennomgått i stabsmøte 6. mai. Forslag til lokal plan vart skriven. Praktisk gjennomgang av tiltaka i kyrkjerommet 20. mai.

Trusopplæring

Konfirmantane til neste år er påmeldt og har fått stadfesta konfirmasjonsdatoar for 2021.

Nye konfirmantar og føresette er inviterte til informasjon og bli-kjent-samling 2. juni i Kviteseid kyrkje. (Dette er utsett til hausten)

To av årets konfirmantar har meldt seg førebels til leiartreninga «Ønsket og Elsket» for neste skuleår.

Postløype med tema frå Kristi himmelfart til pinsa er hengt opp frå kyrkja i Kviteseid til Ågabet.

Diakoni – felles diakonisundag er utsett til 22. november

Prostidiakon Eilev Erikstein er utfordra til å ta eit engasjement på 3 mnd som institusjonsdiakon på Diakonhjemmet nå i juni, juli og august. Han vil likevel fylgje opp dei han har samtalar med lokalt, men er altså ikkje fysisk til stades i Vest-Telemark.

Kommunikasjon

Kyrkjebladet er foreslått utsett for utgjeving i august.

Vi gjer kjent gudstenestene for sommaren i VTB, på plakater, på nettsida og på facebook.

Felleskyrkjeleg arbeid

Godhet vart gjennomført i veke 19. Vi annonserte ikkje ope denne gongen, men kontakta dei som har fått hjelp tidlegare og tilbaut å gjere arbeid utandørs.

Felles bøn starta opp att siste onsdag i mai.

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet tek informasjonen til orientering.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 28/20, (FR)

Revisjonsberetning for 2019

MG / KS

Saka vart handsama i arbeidsutvalet (AU) 20.mai i AU-Sak 7.20

Årsrekneskapen for 2019 var ferdig revidert før sist soknerådsmåte 15.april og godkjend då.

Revisors konklusjon seier:

Vi har revidert årsrekneskapen for Kviteseid sokn som viser eit negativt netto driftsresultat på kr. 98.589,35 og eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 0,-

...Etter vår meining er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende framstilling av den finansielle stillinga til Kviteseid sokn per 31. desember 2019, og av resultat for rekneskapsåret...

Om andre forhold står det:

Fellesrådet har ikkje avlagt eit årsrekneskap og årsmelding for rekneskapsåret 2019 innan den fristen som fylgjer av forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelig fellesråd og menighetsråd i Den norske kyrkje.

Til dette er å seie at forsinkelsane låg hjå vår rekneskapsfører som ikkje rakk tidsfristane. Han tok over føringa etter ein vikar halvvegs i året, så det var mykje ekstra arbeid.

For rekneskapen var fristen 15.februar. Soknerådet fekk eit uferdig utkast 26.februar. Revisor fekk det endelege fyrst rundt 10.mars

Årsmeldinga hadde frist 1.mars. Soknerådet handsama saka 26.februar, men kunne naturlegvis ikkje fullføre denne før årsrekneskapen var ferdig.

Begge saker vart godkjende i soknerådet 15.april.

Arbeidsutvalet tok revisjonsmeldinga til orientering.

Vedlegg: *Revisjonsberetning 2019*

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek revisjonsmeldinga til orientering.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 29/20, (FR)	Udekt beløp i investeringsrekneskapen for 2019	MG / KS
<p>Investeringsrekneskapen for 2019 enda med eit udekt beløp på kr 46.218 (=underskot) etter prosjektarbeid på til saman kr 2.480.420. Rekneskapsførar har påpeika at soknerådet ikkje har gjort vedtak om korleis dette skal bli dekt.</p> <p>Det mest naturlege er å dekkje det ved bruk av disposisjonsfondet. Budsjettet må også endrast i tråd med vedtaket.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Underskotet på kr 46.218 på investeringsrekneskapen for 2019, dekkjast inn med overføring frå disposisjonsfondet. Budsjettet blir justert tilsvarende, avrunda oppover til kr 47.000.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
Sak 30/20, FR	Rekneskapsrapport 1. tertial 2020 (via AU)	MG / KS
<p>Driftsrapport for årets 4 fyrste månader er handsama i AU-sak 8.20</p> <p>Samla driftsresultat viser eit meirforbruk på kr 68.709 i forhold til budsjett for same periode. Andelingsvise resultat viser for</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>110 Kyrkjeleg administrasjon</u> viser eit meirforbruk på kr 40.812. Dette skuldast hovudsakleg at Kirkeidata som leverer og driftar fleire av dataprogramma og nettsida til Kviteseid sokn, har sendt ein samla faktura (46.000), der det tidlegare var fordelt på fleire fakturaer utover året, og på fleire postar. • <u>111 Kyrkjer</u> viser eit meirforbruk på kr 9.373 • <u>112 Kyrkjegardar</u> viser eit meirforbruk på kr 70.318. Dette skuldast hovudsakleg at festeavgiftene for i år enno ikkje er fakturert ut. Berre desse er budsjettert med over kr 300.000. • <u>113 Andre kyrkjelege føremål</u> viser eit mindreforbruk på kr 51.796. Dette skuldast hovudsakleg mindre aktivitet, og spesielt at konfirmasjonsleiren i juni ikkje vil bli gjennomført og difor heller ikkje vil bli fakturert. Et resultat kan bli to leirar i 2021 og doble utgifter då. Inntektene frå konfirmantane kjem kvart år. <p>Samanlikna med 2019 er resultatata betydeleg betre. (Pr mai 2019 var overforbruket kr 332.000) Nokre postar har fått nye nummer i forhold til tidlegare oppsett. Lønskostnadane som er dei største enkeltpostane, er fine og korrekte (skal vere maks. 37 % p.p) I tider utan gudstenester og kollektar, har mange fått betydeleg mindre, fleire eksterne, mellom anna misjonsprosjektet, og eige arbeid.</p> <p><i>Vedlegg: Driftsrapport 2020, 1-4</i></p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet tek informasjonen til orientering.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		

Sak 31/20, FR	Gravplass for muslimar i Kviteseid (via AU)	MG / KS
<p>Kviteseid har etter kvart fått nokre muslimske innbyggjarar. Muslimar generelt har spesielle ynskje og skikkar når det gjeld gravlegging. Gravferdslova frå 2012 vart endra hovudsakeleg for å kunne legge betre til rette for å kunne ta omsyn til at gravlegging skal kunne skje i respekt for avdøde sin religion eller livssyn (§1). Om vi ikkje har eigne graver til dette i kommunen, vil vi måtte betala for slike i andre kommunar.</p> <p>Kommuneleiinga ved ordførar og rådmann meinte i eit uformelt møte 20. april 2020 at dette ikkje er ei sak som treng politisk handsaming eller noko meir administrativt frå kommunen si side. Dei vert med dette orientert meir utfyllande.</p> <p>Vedlegg: <i>Gravplass for muslimar i Kviteseid</i></p> <p>Saka vart grundig handsama i arbeidsutvalet i AU-sak 9.20 den 20.mai. AU vedtok å tilrå Kviteseid sokneråd å etablere eit område for graver til muslimar på det eksisterande K-feltet på Kviteseid kyrkjegard.</p> <p>Forlag til VEDTAK: Soknerådet vedtek å etablere eit område på K-feltet på Kviteseid kyrkjegard til graver for muslimar, og søker bispedømmerådet om godkjenning av dette.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
Sak 32/20, FR	Mandat for kulturutvalet (via AU)	MG
<p>Då kulturutvalet (KU) vart skipa i 2016 vart det ikkje nedfelt noko mandat, men berre ført opp nokre stikkord, og sagt at dette kjem vi tilbake til. Det har det nye kulturutvalet no sjølv teke tak i, 4 år etter.</p> <p>Utklipp frå kulturutvalet sitt referat frå møte 14.mai 2020:</p> <p>Sak 1/20: Mandat og konstituering Vedtak: Me legg fram fylgjande forslag til mandat for kulturutvalet for soknerådet:</p> <p>Forslag til mandat for kulturutvalet</p> <p><i>Kulturutvalet setjast ned av soknerådet. Utvalet består av organisten og to medlemmer til. Minst ein av medlemmene bør sitje i soknerådet. Organisten er sekretær og sakshandsamar. Utvalet vel sjølv leiar.</i></p> <p><i>Utvalet utarbeidar og held ved like ein kulturplan for Kviteseid sokn, med utgangspunkt i «Plan for kyrkjemusikk» utarbeida av Kyrkjerådet i Den norske kyrkje. Kulturplanen skal innehalde mål og planar for kulturlivet knytt til kyrkjelydane og kyrkjelokala. Forslag til kulturplan leggjast fram for og vedtakast av soknerådet.</i></p> <p><i>Utvalet administrerer bruk av kyrkja til kulturføremål med utgangspunkt i kulturplanen, og har fullmakt til å behandle søknadar om leige til slike føremål på vegne av soknerådet.</i></p> <p>Vedtak: Under føresetnad av at retningslinjene for konstituering i mandatet blir vedtatt i soknerådet, konstituerast Olav Holm som leiar av kulturutvalet.</p> <p>AU handsama saka på sitt møte 20.mai 2020 og støttar KU sitt forslaget til Mandat for kulturutvalet.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek fylgjande mandat for kulturutvalet:</p>		

Kulturutvalet setjast ned av soknerådet. Utvalet består av organisten og to medlemmer til. Minst ein av medlemmene bør sitje i soknerådet. Organisten er sekretær og sakshandsamar. Utvalet vel sjølv leiar.

Utvalet utarbeidar og held ved like ein kulturplan for Kviteseid sokn, med utgangspunkt i «Plan for kyrkjemusikk» utarbeida av Kyrkjerådet i Den norske kyrkje. Kulturplanen skal innehalde mål og planar for kulturlivet knytt til kyrkjelydane og kyrkjelokala. Forslag til kulturplan leggjast fram for og vedtakast av soknerådet.

Utvalet administrerer bruk av kyrkja til kulturføremål med utgangspunkt i kulturplanen, og har fullmakt til å handsame søknadar om leige til slike føremål på vegne av soknerådet.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 33/20, FR

Revisjon av utleigereglement

MG

Saka vart handsama i AU-sak 9.20 den 20. mai 2020.

Organist Olav Holm har arbeidd med eit forslag til ein forsiktig revisjon av Kviteseid sokn sitt utleigereglement. Etter 3 års erfaring med vedtaket frå 2017, ser vi at det hadde vore godt med noko justering av reglementet, særleg med tanke på lokale aktørar som ynskjer å arrangere konsertar, med eller utan medverknad av tilsette.

Kulturutvalet handsama og saka før AU fekk den.

I vedlegget er NY og gamal ordlyd sett ved sida av kvarandre for samanlikning.

AU støttar forslaget til endringar og rår SR til å godkjenne det.

Etter eit eventuelt vedtak om endring i SR, må saka til biskopen/bispedømerådet, for endeleg godkjenning.

Vedlegg: *Utleigereglement 2020*

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek endringane i utlegereglementet for Kviteseid sokn, og søker bispedømerådet om godkjenning.

VEDTAK:

Som føreslege

Sak 34/20, FR

‘Ønsket og Elsket’, og konfirmantarbeidet

MG / ML

«Ønsket og Elsket» er eit felles arbeid for konfirmantar og ungdomsleiarar i kyrkja i Øvre Telemark. Kvart sokn bidreg økonomisk, med tilsette og frivillige leiarar.

Ein av dei tilsette i prosjektet vil gje ei orientering om kva arbeidet går ut på.

Kviteseid sin del til stillingane og drifta er om lag kr 35.000 kvart år.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa.

Orientering (kl. 18.55 til 19.30) frå dagleg leiar av «Ønsket og Elsket», ungdomsprest Petter Jakobsen:

Dei er 3 tilsette: Han sjølv i 50 % stilling løna av bispedømerådet, Karoline Bringsås, 20 år, frå Seljord, 30 % stilling, og Ragnar Nørstrud frå Tuddal i 25 % stilling. No er alle menigheter i Øvre Telemark prosti med på Ø&E.

Hovudarrangementet er konfirmantleirane på sommaren, ein i veke 26 der Kviteseid er med, og ein i veke 32 med 200-250 deltakarar og leiarar. Dei er vanlegvis på Gjennestad v.g.skule i Stokke, men leiren vert ikkje gjennomført i sommar grunna situasjonen landet er i. (Leirane vert i staden i vinterferien 2021.) Tidleg kvar vår er det Kick-off for 8.klassingar, med mye aktivitetar på Dyrskuplassen. Mot slutten av kvart konfirmantår er det Konf.treff med fokus på Fasteaksjonen, og med tanke på rekruttering for vidare leiartrening etter konf.året.

Leiartrening er den andre hovudgreina av arbeidet til Ø&E. Det går an å få leiartrening i inntil 5 år etter konfirmantåret. Ungdomar melder seg for eitt år om gongen og betalar ein liten eigenandel. Resten er sponsa av soknet dei kjem frå. Vi har ikkje leiarar frå Kviteseid kvart år, men for neste skuleår har 2 av årets 11 konfirmantar meldt seg som 1.års leiarar. Til saman er det nå 30 påmeldte 1.års leiarar frå prostiet. Til saman har vi no 60 ungdomsleiarar. Desse får gjennom året mange samlingar, leiar og turar, noko samla, og noko for kvart kull. Dei deltek alle som leiarar på konf.arrangementa og konf.leirane.

Ø&E får nå eit stort eige lokale i Brøløsvegen i Seljord (under kyrkjekontoret).

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa

Sak 35/20, SR

Endring av gudstenesteplanen

MG / ML

Ved gjenopning av kyrkjene for gudstenester vil vi i hovudsak fylgje planen for dei forordna gudstenestene vedtatt av soknerådet. Då vi ofte har hatt meir enn 50 til stades på gudstenester i vårt sokn, ynskjer vi å leggje til rette for at flest mogleg kan delta sjølv om det no er restriksjonar med max 50 deltakarar. Staben har derfor arbeidd utifrå denne gudstenesteplanen for den første tida:

24. mai – Brunkeberg – gudsteneste kl. 11 og 13

31. mai – Kviteseid – drive-in-gudsteneste ved Kviteseidhallen eller ved Sundvang med overføring til nærradio via Hjallarhornet.

7. juni – Kviteseid – familiegudsteneste kl. 11 ~~og hovudgudsteneste kl. 13~~

14. juni – Vrådal gamle kyrkjegard – friluftsgudsteneste kl. 11

21. juni – Kviteseid – friluftsgudsteneste kl. 11 – på *KAUPHAMMAR* nedanfor Kviteseid gard, med tilgang frå båt på vatnet og frå land.

Gamlekyrkja vert stengt for vanlege gudstenester i sommar.

Kveldsmessene er forslått avlyst dette året for å spare ekstra arbeid med smittevern.

Konfirmasjonsgudstenestene er utsett til:

29. august kl. 11 i Kviteseid kyrkje

30. august kl. 11 i Vrådal kyrkje

5. september kl. 11 i Brunkeberg kyrkje

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet godkjenner endringane frå gudstenesteplanen som går fram av saka i høve til dei særskilde restriksjonane som gjeld for denne tida.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 36/20, FR	Ny trusopplærer og sekretær	MG
<p>Jf. Sak 21/20 15.april 2020 då tilsetjingsutval ble satt ned.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet set ned eit tilsetjingsutval for tilsetjing av ny sekretær og trusopplærer i fast/oppseieleg stilling med storleik mellom 50 og 65 %. Tilsetjingsutvalet skal bestå av <u>Marit Gotuholt</u>, leiar for soknerådet, <u>Vidar Syrtveit Mikalsen</u>, leiar av trusopplæringsutvalet, <u>Møyfrid Lunde</u>, sokneprest, og <u>Olav Holm</u> som er organist og dei tilsette si representant. Kyrkjeverja er sekretær med tale- og røysterett. Utvalet får fullmakt til å tilsetje, men før tilsetjing skal aktuelle kandidatar og innstillinga bli presentert for soknerådet slik at dei får anledning til å uttala seg.</p> <p>Lysinga var ute via WEBCRUITER på forskjellige kyrkjelege annonseringsplassar og på nav.no frå 4.mai, og i avisene Vårt Land og VTB same veke. Då søknadsfristen gjekk ut søndag 24.mai, var det kome inn to søknadar, begge frå personar oppvaksne i Kviteseid.</p> <p>Desse er i alfabetisk rekkefylgje:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gunhild Sveinsdotter Breidalen, 41 år • Knut Ove Lofstad, 33 år <p>Tilsetjingskomiteen ber om eventuelle uttalar om desse to kandidatane. Det er avtala intervju med begge fredag 5. juni. Før det vil referansar bli kontakta.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet takkar for orienteringa. Tilsetjingsutvalet tek med seg eventuelle merknadar.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet takkar for orienteringa.</p>		
Sak 37/20, SR	Kyrkjelydsbasar	MG
<p>Kviteseid sokn har i mange år arrangert ein kyrkjelydsbasar laurdag før 1. søndag i advent. Det vil i 2020 bli 28. november.</p> <p>Inntektene frå basaren har gått til misjonsprosjektet og trusopplæringsarbeidet, og har samla vore kring kr 50.000. Dette er vesentlege bidrag som er budsjettert med.</p> <p>Korleis vi seinhaustes i år med dei eventuelle restriksjonane som er då, kan få til basaren, er sjølv sagt uvisst nå. Vi kan velje å arbeide med tru på at arrangementet kan gjennomførast på vanleg måte. Vi treng då ein komité til å planlegge kyrkjelydsbasaren.</p> <p>Kirsti Breidalen Skjæveland har i mange år stått i spissen for basaren. Ho er spurd og ynskjer å gjere ein innsats dette året også.</p> <p>Forslag til VEDTAK: <i>Blir utforma under møtet</i></p> <p>VEDTAK: Komité for kyrkjelydsbasaren vert Kirsti Breidalen Skjæveland og Dagfinn Køhn. Vi freistar å finna ein eller to til og har nokre forslag. Med på sjølve arrangementet vert også mellom anna desse: Solveig Løfgren, Hans Kristian Aabø, og Sigrun Moen.</p>		

Sak 38/20, SR	Retningsliner for fellesmøtekomiteen	MG
<p>Fellesmøtekomiteen består av ein representant frå kvar av menighetane / forsamlingane: Kviteseid sokn, Kviteseid Normisjon, Kviteseid Misjonskyrkje og Kviteseid pinsemenighet. Dei arrangerer kvart år eit familiemøte i januar, ei møtehelg i mars/april og ein songkveld i september.</p> <p>Komiteen har nå sjølv justert sine retningsliner og ber om tilslutning til desse.</p> <p>Vedlegg: <i>Retningsliner for fellesmøtekomiteen</i></p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet støttar forslaget til retningsliner for fellesmøtekomiteen.</p> <p>Korrigeringsordlyd i teksten over: Komiteen har arbeidd med å fornye retningslinene. Frå soknerådet er det Møyfrid Lunde og Vidar Syrtveit Mikalsen som sit i komiteen. Hovudendinga frå tidlegare retningsliner er at det nå er forslag om at komiteen i fellesskap finn talar til Fellesmøta, der det tidlegare var menigheitane/forsamlingane som sjølve fann talar etter tur.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet støttar forslaget til retningsliner for fellesmøtekomiteen.</p>		
Sak 39/20, SR	Eventuelt	MG
<ul style="list-style-type: none"> • Dei neste soknerådsmøta er etter planen 26. august, 30. september og 18. november 		